

STATUTTAR SAMLAGSSTEMNET MINIATYR

Program

Meisterskapet arrangerast som eit DFS 35-skotsprogram.

Det nyttast her vanleg 35-skots utandørs meisterskapsprogram, med forløpende omgang for dei ulike meisterskapsklassane. Det skal berre skytast prøveskot før hovudskytinga.

Styret kan, etter søknad frå arrangørlaget, gje løyve til at meisterskapet blir arrangert med innandørs 25-skotsprogram + omgang om forholda tilseie det.

Påmelding

Påmeldinga gjennomførast som ei lukka påmelding og det blir satt opp klassevise lag.

Inniskot

PREMIEINNSKOT – ARR.AVGIFT - MEDALJEANDEL

SENIOR/VET/KIK/JEG 80 – 70 – 40, TOTALT= 190 KR

REK/JUN/EJ 50 – 30 – 20, TOTALT = 100 KR

NU/SK1/SK2 50 – 30, TOTALT = 80 KR

Lagskyting

Inniskot: 250kr pr. lag.

Samlaget krev inn avgift for lagskytinga etter at stemnet er gjennomført.

Oppsett: R/ER/J, 3-mannslag med minimum ein junior.

Veteran, 3-mannslag utan krav om minimum ein V55.

Senior, 3-mannslag med skyttarar i klasse 3-5 og/eller EJ

Laget består av dei 3 beste skyttarane frå kvart skyttarlag. Laget blir trekt ut automatisk og alle skyttarlag som har nok skyttarar til å stille lag deltek på skytinga. Ved lik poengsum rangerast laga etter tiarregel.

Rangering og premiering

Rangering gjennomførast etter skyteboka kapittel 11.400.

Samlaget står for premieringa av meisterskapet mens arrangør premierar for hovudskytinga. Det delast ut 3 stk medalje i alle ungdomsklasser. Ein NAMMO-medalje med diplom og glasvase til vinnar, mens nr. 2 og 3 blir tildelt DFS sin ungdomsmedalje. NAMMO-medaljen og diplom blir sendt frå skyttarkontoret automatisk mens ungdomsmedaljane må bestillast med skyttarkontoret. Det blir utdelt meisterskaps-medalje i gylt valør til klasse 1, 2, V55, V65, V75 og KIK. I klasse 3-5 blir det delt ut medalje i tre valører. I tillegg skal vinnar av klasse 3-5 få tildelt same type glasvase som ungdommane og meisterskapsnål. Glasvasane bestillast med Orkla Trykk. Arrangøren velje sjølv om det skal delast ut gávepremiar eller pengepremiar for 25-skota i hovudskytinga.

Ekstra premiering

Arrangørlaget kan fakturere kvart lag, med deltagande skyttara, 500kr i ettertid av stemnet som ekstra premiering for å kunne premiere med litt større premiar.

Resultatservice

Arrangør sender komplette resultatlister og resultat for lagskyting til samlaget på e-post. Desse resultata skal leggast inn på OneDrive'n til samlaget.